

best nøgd med, utan (so er at) me hev etter oss i live ein egteson, som dertil kann vera fallen. (Kongebrev fraa Karl Knutsson.)

Fraa Høime prestegjeld 1492: *Hafde thei thet i eide sinom at skipthet er i mellom Halleland oc Onnedal oor Møgekasthen oc i Møghehooffeid oc saa awsth efter, oc sagdis they aldri høra her aganga av thessa marka skipthet fyr en nu Peder Amundhson ageek henna.*

Umsetjing: Dei hadde det i eiden sin at skiftet er mellom H. og U. fraa M. og i M. og so aust etter, og sagdest dei aldri ha høyrte klaga paa dette markeskifte fyrr enn no (daa) Peder Amundsson klaga paa det her. (Kunngjering fraa futen Øyvind Ljøttson).

Maalrora fraa 1516: *Wil ek thet ytermora a book ok heligeloma swerie nar iøk til kraftef worder. Samaledes ok ek Bærdor Ywarson po Dovre — — haffteer iøk aldre hørth eller sporth thet wara omakath eller po taladh aff nogen hærken po tingh eller stømne eller anner stas i all myn dagha.* (Or eit diplom, dagsett Kongsgard paa Dovre 14de mars 1516).

5. Det nynorske tidebilet (1525 til vaar tid).

Dette lange tidebilet vil det høva best aa skipa i tri mindre: eldste nynorsk, eldre nynorsk, og nyaste norsk.

a. Eldste nynorsk (1525—1625).

Det 16de hundradaaret kom med mykje ljøs og liv i Vest-Europa, med store oppdagingar og oppfinningar, med aandeleg vekkjing og nasjonal opplysning; men for oss vart ikkje denne tidi til den bate som ho kunde ha vore. Me laag politisk og aandeleg paa slæp av Danmark; folket var magtlaust og modlaust. Den danske politik førde landet burt i den eine ulukka etter den andre, ikkje minst med dei uvituge krigarne med Sverige.

Den lutherske *kyrkjeumboti* var her lite fyrebudd; ho vart innført i 1536 paa den same herredagen i Kjøpenhamn, som vedtok at Norig ikkje lenger skulde vera eit sjølvstendig rike, men ein landslut av Danmark. Arbeidet for den nye læra